



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Frank Mohn AS - Framo Florvåg
Florvågevegen 39
5305 FLORVÅG

Vår dato: **25 FEB 2013**
Vår ref.: NVE 201205046-12 ki/baso
Arkiv: 311 /059.32
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Bård Ottesen
22 95 95 28

Frank Mohn Eigedom AS – Løyve til mellombels senking av Storavatnet i Askøy kommune, Hordaland

Vi syner til søknad av 9.7.2012 om løyve til mellombels senking av Storavatnet.

Om søknaden

Frank Mohn AS søker om å senke Storavatnet med inntil 1,5 meter under normalvasstanden på om lag kote 8,75 for ein periode på inntil 2 år frå I. kvartal 2013. Omsøkte tiltak har samanheng med vedteken reguleringsplan for Frank Mohn AS sitt nye industriområde i Florvågen på Askøy. For å sikre industriområdet mot flaumvatn skal eksisterande dam med tappeluker sikrast med betong, og det skal byggast ny dam med større flaumkapasitet ved utløp av Storavatn. For å gjennomføre betongarbeidet er det naudsynt å senke vasstanden. Normalvasstanden etter tiltak vil bli oppretthalde på dagens nivå, medan flaumvasstanden vil bli liggande lågare enn det som er tilfelle i dag.

Høyring

Søknaden er handsama av NVE etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt på høyring til lokale styresmakter, interesseorganisasjonar og aktuelle partar. Søkjar har fått innkomne fråsegner til kommentar.

Askøy kommune uttaler i brev av 19.12.2012:

"

Det er påvist forurensede sedimenter i Storavatnet, og det må derfor gjennomføres forurensningsbegrensende tiltak i forbindelse med de planlagte utfyllingsarbeidene. Utfylling i Storavatnet må godkjennes av fylkesmannen. Tiltakene må også hindre tilslemming av innsjøen eksempelvis med siltgardiner, for å hindre at fiskebestanden blir påvirket i for stor grad. Selve nedtappingen av vatnet vil trolig ikke føre til nevneverdig økt forurensning av vatnet.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Området er sjekket ut i forhold til Naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning og Artsdatabanken sitt artskart. Det er ikke registrert truede eller sårbare arter i gjeldende område.

Notat fra Rådgivende biologer (mottatt 15.04.2011) viser til at de undersøkte Storavatnet i januar 2010. De mener det kan være av interesse å undersøke innsjøen for forekomst av ål. En eventuell forekomst av ål vil trolig ikke bli påvirket av selve nedtappingen i nevneverdig grad.

Notatet viser også til at vannet har en god bestand av ørret, men at bestanden er i tilbakegang. Nedtappingen vil kunne ha en negativ effekt på ørrestammen i vannet. Innløpsbekken er gytebekk, og en nedtapping av vannet vil kunne hindre passasje av ørret opp til innløpsbekken. Det bør vurderes av fagfolk om det kan utføres kompensierende tiltak for å sikre tilkomst opp til gytebekken. Dette kan eksempelvis være å lage en "renne" i sedimentene fra vannet og opp til innløpsbekken for å samle vannvolum slik at fisken får passasje, og eventuelt å lage skjul for fisken langs denne rennen dersom det er mulig.

På bakgrunn av plassering av opprinnelig utløpsbekk samt høydeforskjeller i bekk ned til sjø, må en regne med at Storavatnet opprinnelig har hatt oppgang av sjøørret. Det har vært industriområde i Florvåg langt tilbake i tid. Når det opprinnelige utløpet i øst ble stengt for oppgang av sjøørret har Askøy kommune ikke data på.

Landskapsbildet rundt Storavatnet vil bli påvirket av nedtappingen som vil eksponere inntil 1,5 meter strandlinje som i dag ligger under vann. Tørrlagt strandlinje skiller seg ut og blir ofte oppfattet som visuelt negativt. Området vil i denne perioden bli visuelt påvirket av flere tiltak, som utbedring av dammen og utbygging av vegen. Alle tiltak som skal utføres krever egne godkjenninger. Selve nedtappingen av vannet vil være et midlertidig tiltak for å kunne gjennomføre reguleringsplan i området.

Askøy kommune har ikke merknader til nedtapping av Storavatnet i henhold til søknaden, men ber om at en tar fiskefaglig hensyn til ørrestammen i forbindelse med nedtappingen av vatnet."

Fylkesmannen i Hordaland uttaler i brev av 22.01.2013:

"Fylkesmannen har vurdert den midlertidige senkinga av Storavatnet etter naturmangfaldlova, forureiningslova og lakse- og innlandsfiskelova. Tiltaket vil etter vår mening ikkje komme i konflikt med ålmenne interesser etter dei lovverka vi forvaltar. Det er fylkeskommunen som skal uttale seg om eventuelle verknader på innlandsfiskebestandane. Ein bør vurdere tiltak for å gjenopprette anadrom strekning i vassdraget.

.....

Naturmangfaldlova og lakse- og innlandsfiskelova

Det er ikkje anadrom fisk i vassdraget (sjå under). Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar i og rundt Storavatnet som vil bli påverka av senkinga. Det er sannsynleg forekomst av den raudlista arten ål i vassdraget, men det er ikkje grunn til å tro at Storavatnet har særskilt betydning for arten.

Informasjonen over er henta frå kommunal kartlegging av naturtypar og nasjonale naturdatabasar. Fylkesmannen meiner at kravet til kunnskapsgrunnlag etter § 8 i naturmangfaldlova er oppfylt. Sidan det ikkje er knytta spesielle verdiar til vatnet og nærområda, er det ikkje naudsynt med vurdering av tiltaket etter §§ 9-12 i lova. Det er likevel etter § 12 i naturmangfaldlova krav om å nytte dei mest miljøvennlege driftsmetodane.

Forureiningslova

Det er ingen kjente resipientinteresser i Storavatnet. Etter § 8 i forureiningslova er vanlig forureining frå midlertidig anleggsverksemd tillate. § 7 i same lov krev likevel at det vert sett inn tiltak for å i størst mogleg grad å hindre forureining. Vaskevatn frå betongarbeid må ikkje sleppast ut i vassdraget.

Utfylling i Storavatnet er nylig godkjent av Fylkesmannen etter forureiningslova med grunnlag i godkjent reguleringsplan.

Ønskjeleg å gjenopprette anadrom strekning

Før etableringa av det eksisterande industriområdet på sørvestsida av Storavatnet hadde Storavatnet utlaup til fjorden gjennom ei elv på denne sida av vatnet. Fylkesmannen meiner det er sannsynleg at sjøaure vandra opp denne elva til Storavatnet. Denne opphavlege elva blei i si tid lukka, og det blei laga eit nytt utlaup frå Storavatnet til fjorden i den sørlige enden av vatnet. Det er i dette utlaupet ein nå ønskjer å sikre terskelen.

Etter vassforskrifta skal ein nå prøve å opprette god økologisk tilstand i alle vassførekomstane i Norge. Fylkesmannen meiner difor at det er ønskjeleg på nytt å få til oppgang av sjøaure til Storavatnet. Den anadrome strekninga vil i så fall komme til å strekke seg eit par hundre meter oppstraums innlaupet til vatnet.

Det økologisk optimale tiltaket hadde sannsynlegvis vore å opne opp den opphavlege elva frå Storavatnet. Samfunnsøkonomisk er nok dette likevel ikkje den beste løysinga, og den nye reguleringsplanen for området inneheld ikkje eit slikt tiltak.

Fylkesmannen vil difor arbeide for at det vert gjort tiltak i det nåverande utlaupet i sør så sjøaure kan vandre opp. Ved sikringa av terskelen her er det difor viktig at ein tek omsyn til dette. Då kan ein ved eit seinare høve legge til rette for at sjøaure kan vandre opp gjennom/over den nye terskelen.

Interesserte kan få meir informasjon om dette aktuelle tiltaket ved å kontakte fiskeforvaltar Gry Walle hos Fylkesmannen.”

Hordaland Fylkeskommune uttaler i brev av 17.12.2012:

”Biologisk mangfald

Det er mykje aure i vatnet, og stingsild og muleg også ål, som er raudlisteart. Da senkinga av vatnet er på 1,5 meter vil det framleis vere godt med vatn i vatnet til fisken. Problemet er i gyteperioden for aura. Vi har tre forslag til avbøtande tiltak i denne fasen. Ein kan sikre oppgang for fisken ved å lage trinnvise kulpar slik at auren kjem seg opp til bekken. Eventuelt kan ein i gyteperioden ha ein midlertidig stans i byggjearbeidet. Vårt tredje forslag er å korte ned arbeidstid, ved for eksempel skiftarbeid, og dermed unngå gyteperioden heilt.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som vert direkte råka ved senking av vatnet. Ved utløpet av Storavatnet er det registrert tre kulturminne som ikkje er freda, eit kvernhus/mølle askeladden id 140994, og to ankringsstader askeladden id 140996 og 140997. Vi ber om at det vert tatt omsyn til desse kulturminna. Vi ber og om at demninga som truleg var kopla til bruken av mølla heilt tilbake til 1600-1700-talet vert tatt omsyn til. Vi har ingen andre merknader i saka, utover at ein under

opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd). Slik gransking vil verta utført mindre enn 3 dagar etter at vi har fått melding om moglege funn. Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Storavatnet i Askøy kommune som kan bli direkte råka av nedsenkinga på 1,5 meter. Ein har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Vi gjer merksam på at det i ferskvann kan ligge stokkebåtar og oversvømte steinalderbuplassar og melder difor om meldeplikta i forhold til slike funn.

Museet har ingen andre merknader til tiltaket.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Hordaland fylkeskommune har ikkje fleire merknadar til saka. ”.

Ekrene borettslag uttaler i e-post av 25.11.2012:

”Ekrene borettslag ber om at tillatelse til senking av vannstanden i Storavannet ikke gis inntil vår klage på Plan 333 - Sjølivet er ferdig behandlet av Fylkesmannen.

Vi viser til vår klage der vi er kritisk til om den planprosessen som har vært gjennomført har tatt hensyn til alle relevante forhold når det gjelder bevaring av Storavannet.

Storavannet brukes blant annet til ørretfiske og har en sjelden ålbestand. Er det tilstrekkelig utredet i hvilken grad en senking av vannstanden kan medføre uopprettelig skade på naturen? Dette er viktige spørsmål for Ekrene borettslag, som del av Florvåg bygden som benytter Storavannet til rekreasjon og friluftsliv på daglig basis.

Vi ønsker våre spørsmål besvart og klager ferdig behandlet før Storavannet berøres, kanskje skades for all fremtid. ”.

Søkjar sine kommentarar

Constructa Entreprenør AS har, på vegne av Frank Mohn Eigedom AS, i brev av 18.02.2013 gitt desse kommentarane:

”Vi viser til mottatt kopi av kommentarer til høringsuttalelser i forbindelse med søknad om senkning av Storavatnet.

Etter at søknaden ble sendt har Reguleringsplanen blitt stadfestet av Fylkesmannen i Hordaland, se vedlegg og vi vil i denne sammenheng forholde oss til de reguleringsbestemmelser som følger av vedtatt plan.

Kommentarene som har kommt inntil høringsrunde i forhold til søknad om senkning av Storavatnet, går i hovedsak på forhold til fisk og naturverdier. Vi har derfor bedt om en ekstern

uttalelse på dette, og vedlegger rapport fra Rådgivende Biologer som svarer ut spørsmål knyttet til dette.

Av øvrige kommentarer vil vi anmerke følgende:

Askøy kommune viser til at det er påvist forurensninger i bunnsedimenter og at disse må ivaretas. Dette er allerede ivaretatt i den miljøhandlingsplanen som er utarbeidet for prosjektet og som Fylkesmannens tillatelse til utfylling i Storavatnet er basert på. Utfyllingstillatelsen ligger som vedlegg til dette brev.

Hordaland Fylkeskommune viser og til mulige kulturminner i området. Kulturminner har vært vurdert i sammenheng med utarbeidelse av reguleringsplan. Vi vil forholde oss til reguleringsbestemmelser, samt rapportere eventuelle nye funn.

Fylkesmannen i Hordaland uttrykker ønske om å tilrettelegge mulighet for oppgang av sjøaure til Storavatnet. I praksis mener vi at dette ikke lar seg gjøre, pga høydeforskjell mellom sjø og vann og det begrensede arealet som er tilgjengelig. Ønske har heller ikke vært tema i reguleringsplan for området som nå er godkjent. Viser for øvrig til uttalelse fra Rådgivende biologer i vedlagte rapport."

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag fra Constructa/Frank Mohn Eigedom kommentert tre hovedtema som er tatt opp i høyringane: (1) Vanskar ved gyting for resident aure ved nedtapping, (2) Forureiningshindrande tiltak og (3) tilrettelegging for oppvandring av sjøaure:

" (1) Vanskar ved gyting for resident aure ved nedtapping

Innsjøbotnen skråer slakt nedover frå bekkosen i nord, så det er ikkje heilt sikkert at auren vil verte hindra frå å gyte ved ei seinking av vatnet. Det kan hende at elva berre vert forlenga ned til nytt vannspeil. Om den vert hindra kan ein som foreslått forsøke å grave tersklar i innsjøbotnen som sikrar oppvandringa. Om ingenting vert gjort og oppvandringa til gytebekken for auren vert hindra hausten 2013 og 2014, vil to årgangar av aure gå tapt. Berre ein årgang kan gå tapt om nedtappinga berre vert gjort den eine gytesesongen, som foreslått av Askøy kommune. Bestanden av aure er tett, og tap av eit par årgangar vil ikkje vere eit trugsmål for bestanden. Talet på aure kan verte redusert, og det kan føre til at aurane i ein periode vil få betre næringstilgang og vakse meir, men normaltilstanden vil verte gjenoppretta når auren igjen kjem seg opp i gytebekken. Stingsilda bygger reir i strandsona, og ei nedtapping vil kunne føre til midlertidig reduksjon i reproduksjon om dette skjer i uheldige periodar, men utan at dette vil føre til varig skade på bestanden av stingsild. Ål kan bruke innsjøen som oppvekstområde, men vi kan ikkje sjå at ål vil verte skadd av den midlertidige nedtappinga. Storavatnet ligg svært nær sjøen, ål kan vandre gjennom vått terreng og kan truleg komme seg både inn og ut av innsjøen sjølv om den vert nedtappa.

(2) Forureiningshindrande tiltak

Sedimenta i innsjøen er forureina, og ei oppvirvling av sedimenta kan føre til at miljøgifter vert meir tilgjengeleg for livet i vatnet. Askøy kommune sine formaningar om forureiningsbegrensande tiltak er derfor fornuftige.

(3) Tilrettelegging for oppvandring av sjøaure

Både Askøy kommune og Fylkesmannen i Hordaland meiner det er sannsynleg at sjøaure kunne vandre opp i innsjøen i utløpet i vest før denne vart regulert, men har ingen dokumentasjon på

dette. Ved undersøkingane vurderte vi også utlaupa frå vassdraget og forsøkte å sjå for oss korleis vassdraget såg ut før det vart regulert til industri/vasskraftføremål. Vår tidlegare vurdering var at sjøaure mest sannsynleg ikkje klarte å vandre opp i vassdraget før dette vart regulert. Anadrom fisk kunne vandre opp i nedre del av vassdraget, men ikkje opp i innsjøen, slik vi vurderer dette.

Historikar Anders Bjarne Fossen og tidlegare turistsjef i Bergen Ola Borge Hiis Bergh er dei som har best historisk kunnskap om området og vi kontakta desse for å undersøke om dei hadde meir fakta om innsjøen og sjøaure i vassdraget. Fossen opplyste at det hadde vore mølledrift i utløpet i sør seinast frå 1661 til ca 1900. Vatnet i Storavatnet rann då ut i sjøen gjennom det noværande utløpet i sør. Etter dette vart det etablert kraftverk i utløpet i vest og vatnet vart då send i denne retninga. Innsjøen har dermed vore regulert i meir enn 350 år, og i denne perioden har oppvandring av sjøaure heilt sikkert vore umogleg. Opprinneleg status for sjøaure i Storavatnet, og kva som har vore opprinneleg utløp er dermed uavklart.

I samband med ny dam både i sør og vest kan det byggast fisketrapp slik at anadrom fisk kan vandre opp i vatnet. For at fisken skal komme opp til ei eventuell trapp i vest må den, slik tilhøva no er, vandre gjennom 140 m med betongrør frå sjøen og under industriområde. Fallet er slakt, og det skal vere mogleg å passere, men det er usikkert om aktuelle artar av anadrom laksefisk vil vandre så lange strekningar gjennom rør.

Om anadrom laksefisk for moglegheita til å vandre opp i Storavatnet kan dette føre til endra lovgiving med omsyn på mellom anna kor tid det er lovleg å fiske i innsjøen. Dette kan endre moglegheitene for rekreasjonsfiske som no føregår i innsjøen.”

NVE si vurdering

Storavatnet er regulert ved at det er bygd ein demning ved det opphavlege utløpet i vest. Det ligg ikkje føre eigen konsesjon for reguleringa. NVE kan likevel gje løyve til avvik frå manøvreringa av vassdraget, i medhald av vassressurslova § 8, når føremålet er naudsynt reparasjons- og vedlikehaldsarbeid og arbeid for å sikre stabilitet i strandsona.

Det er godkjent reguleringsplan for området; Plan 333 - Industriområdet Sjølivet. Fylkesmannen har vidare gitt løyve etter ureiningslova til utfylling i Storavatnet.

Storavatnet grensar til Fv. 563 (Florvågsvegen) i vest og områder med bustader i aust. Området sør og sørvest for Storavatnet består av naturleg terreng med skogkledde knausar. Landskapet er dominert av tekniske inngrep der Florvågsvegen med fylling i vatnet er godt synleg. Storavatnet utgjer likevel eit vesentleg element i landskapsrommet. Dette vert noko redusert som følgje av at planlagd utfylling vil minske vassarealet i vatnet. Ved senkinga blir det blottlagt botnareal, men det er ikkje større grunner som blir liggande eksponert. NVE vurderer den midlertidige senkinga som akseptabel i høve landskapsinteressene.

I Storavatnet er det registrert stingsild og ein tett bestand av småfallen aure. Det er mest truleg også ål i vassdraget. Ål er raudlista og vurdert som kritisk truga (CR). Det vandrar i dag ikkje sjøaure opp i vassdraget. Nedsenkinga av vatnet vil ikkje medføre vesentleg forverra leveforhold for fisk, men noko reduksjon av næringsområde i grunne område langs land. Innlaupsbekken i nord er nemnt som gytebekk for aure. I nedsenkingsperioden kan oppgang til bekken bli vanskeleg, men etter NVE si oppfatning kan dette avhjelpast med avbøtande tiltak ved t.d. å utforme eit bekkelaup med tersklar i den blottlagde innsjøbotnen. Stingsilda byggjer reir i strandsona, og ei nedtapping vil kunne føre til midlertidig reduksjon i reproduksjon om dette skjer i uheldige periodar, men utan at dette vil føre til varig skade på

bestanden av stingsild. Ein eventuell førekomst av ål vil truleg ikkje bli nemneverdig påverka av ei mellombels nedtapping av Storavatnet.

Før etableringa av det eksisterande industriområdet på sørvestsida av Storavatnet hadde vatnet utlaup til fjorden gjennom ei elv på denne sida av vatnet. Askøy kommune og Fylkesmannen meiner det er sannsynleg at sjøaure vandra opp i den opphavlege utlaupsbekken på sørvestsida. Etter vassforskrifta skal ein prøve å opprette god økologisk tilstand i alle vassførekomstar i Noreg. Fylkesmannen meiner difor at det er ønskjeleg på nytt å få til oppgang av sjøaure til Storavatnet. Ved sikringa av terskelen ved dagens utløp i sør meiner Fylkesmannen det er viktig at ein tek omsyn til dette slik at ein ved eit seinare høve kan legge til rette for at sjøaure kan vandre opp gjennom/over den nye terskelen. Rådgivende Biologer AS har undersøkt vassdraget si historie og kan opplyse at det har vore mølledrift i utløpet i sør frå 1661 til ca. 1900. Vatnet rann då ut i sjøen gjennom det noverande utløpet i sør. Etter dette vart det etablert kraftverk i utløpet i vest og vatnet vart då send i denne retninga. Rådgivende Biologer konkluderer med at innsjøen dermed har vore regulert i meir enn 350 år, og at det i denne perioden har vore umogleg for sjøaure å vandre opp i vassdraget. Ut frå desse opplysningane meiner NVE at det er uavklart og usikkert om sjøaure opphavleg høyrer heime i vassdraget. Om det er ynskjeleg å leggje til rette for at sjøaure kan vandre opp i vassdraget er eit spørsmål NVE ikkje tek stilling til. Ål høyrer mest truleg heime i vassdraget og utløpsarrangement må utformast slik at ål kan passere.

Rundt vatnet må det påreknast at vassavhengig vegetasjon vil forsvinne, men denne vil høgst sannsynleg etablere seg på nytt etter oppfyllinga av vatnet. Det er ikkje påvist raudlista botaniske artar.

Naturmangfaldlova (nml) legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og blir lagt til grunn når NVE vurderer søknaden. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 om bevaring av artar og naturtypar er ein avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag. Dette vert det vist til i nml § 8 der det vert slått fast at offentlege avgjersler som påverkar naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg bygge på vitenskapleg kunnskap om art eller naturtype, samt effekten det aktuelle inngrepet vil ha. Dersom dette kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein nytte føre-var-prinsippet jf. nml § 9.

Informasjon om biologisk mangfald i influensområdet kjem fram gjennom undersøkingar av fisk, søknaden, høyringsuttalar og NVEs egne erfaringar. Ut frå dette meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 er tilstrekkeleg til å fatte vedtak, jf. at kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Tiltaket vil ha liten negativ effekt på biologisk mangfald og påverkar ingen viktige naturtypar. Den raudlista arten ål som er knytt til vassdraget vil med stort sannsyn ikkje bli påverka i nemneverdig grad. NVE vurderer difor at tiltaket ikkje kjem i konflikt med forvaltningsmål for naturtypar, økosystem eller artar, jf. nml §§ 4 og 5.

I forhold til friluftaktivitetar vert det opplyst at det vert fiska noko etter aure i Storavatnet. I søknaden er det elles ikkje nemnd andre brukarinteresser. Ekrene burettslag opplyser at dei nyttar Storavannet til rekreasjon og friluftsliv på daglig basis. Verdien av friluftsliv knytt til Storavatnet vert noko redusert i ein periode. NVE vurderer likevel at ei mellombels senking som akseptabel i høve friluftinteressene.

NVE vil peike på at tiltakshavar så langt som praktisk mogeleg bør planlegge og gjennomføre anleggsdrifta slik at den nye strandsona vert ferdigstilt fortløpande saman med hovudfyllinga. Etter kvart som strandsona er ferdig planert bør vasstanden hevast slik at tidsperioden med maksimal senking vert redusert.

Ved å ta omsyn til dette kan ikkje NVE sjå at den mellombelse seinkinga er til større skade for kjende allmenne interesser.

Konklusjon

NVE gjev løyve til at Frank Mohn Eigedom AS kan seinke Storavatnet inntil 1,5 m under normalvasstand på kote 8,75 over ein periode på inntil 2 år frå 1. kvartal 2013. Løyve er gitt i medhald av vassressurslova § 8.


Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under normal vasstand.
- Perioden med vasstand ned mot kote 7,25 må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Nedtappinga skal kunngjerast ein gong lokalt i god tid før nedtappinga startar.
- Ved brot på dei fastsette reglane gitt i lova eller i medhald av lova pliktar konsesjonæren etter krav frå NVE å bringe forholda i lovleg orden. NVE kan fastsette tvangsmulkt ved brot på reglane i konsesjonen eller andre reglar med heimel i lov.
- NVE føreset at Frank Mohn Eigedom AS har ordna dei privatrettslige tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som følge av tiltaket.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ynskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Gry Berg
seksjonssjef

Kopi: Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Ekrene Borettslag, v/Odd Jordheim, Postboks 19, 5329 FLORVÅG